

Rapport om fysisk arbeidsmiljø på Tysnes skule

November 2012



Omvisning på Tysnes skule

Underteikna vart invitert av rektor til eit møte den 1. november for å sjå på dei fysiske tilhøva på skulen. Delar av bygningsmassen er gammal og ber preg av lite vedlikehald.

Grupperom, spes.ped. (over gml gymsal-garderobe):

- Merkbar dårleg luft i rommet. Tung, tett luft og ubehageleg lukt. Underteikna vert kvalm etter opphald i rommet. Her er ikkje tilfredstillande ventilasjon.
- Fleire område med avskalla maling og saltgjennomslag i murvegg.
- Tilsett fortel at det kjem inn vatn i vinduskarmen når det regnar mykje.
- Dei som arbeider i dette rommet seier dei vert trøytte og uopplagde av å vera her ein heil dag.



Inneklimatemåling gjort 22. nov. 2012 i spes.ped-rommet:

Kl. 08.00, før skulestart:

Temperatur: 23 grader

Luftfuktighet: 69 %

CO2: 753 ppm (er stigande når underteikna må forlata rommet grunna undervisning).

Kl. 11.00:

Temperatur: 22 grader

Luftfuktighet: 68 %

CO2: 1425 ppm

Kl. 13.50, ved skuleslutt:

Temperatur: 21,5 grader

Luftfuktighet: 67%

CO2: 1625 ppm

Tilrådde verdiar i høve inneklimate:

Temperatur: Ved lettare arbeid 19-26 grader, helst ikkje over 22 grader i periodar med elektrisk oppvarming (Arbeidstilsynet).

Luftfuktighet: 20-40 % (Anbefalt av NAAF- Noregs Astma- og Allergi Forbund). I vinterhalvåret er det anbefalt å liggja under 30-40 %, då høgare verdiar kan føra til at fukten set seg i veggjar.

CO2: Verdiar over 1000 ppm er teikn på dårleg ventilasjon (Folkehelseinstituttet).

Underteikna har fått låna eit måleinstrument, Protimeter surveymaster, som måler fukt. Dette er ein målar som vert nytta bl.a. av tømrrarar. Denne målaren viser fuktighet i trevirke i prosent, og som grønt lys(=ok), gult lys(=noko fukt) eller raudt lys(=fuktutslag) på overflater.

Underteikna gjer merksam på at slike målingar og undersøkingar bør gjerast av kvalifisert personell. Det er altså ikkje noko garanti for at målingane underteikna har gjort er heilt korrekte.

Fuktmåling i spes.ped. rom:

På golvet, 50 cm frå veggen: Gult

På golvet, 20 cm frå veggen: Raudt

Vinduskarm: 28,6 %

List rundt vindauga: 23 %

Midt på murvegg, mellom vindauga: Raudt (fullt utslag) opp til ca. 150 cm.
Deretter gult.

Vindauga i trappeoppgang:



Fuktmålar viser 57,1 % fukt i karmen. I karmen på døra ut frå trappa måler ein 99 % fukt i karmen. Her er det synleg vått. På veggen lyser målarer raudt.

Vaskerom nede ved gamle garderoben:

- Ser ut som det er ein del fukt i veggjar, golv. Mange stader med saltgjennomslag og fuktflekkar. Og på dei indre veggane.
- Reinholdspersonalet seier dei kjenner det ubehageleg å nytta rommet.
- Ikkje ventilasjon

Fuktmåling

Golv : raudt

Vegg mot garderobar: Grønt

Vegg mot skuleplass: Gult oppe på veggen, raudt nede på veggen

Golv et utanfor vaskerom og toalett (ikkje synleg fukt): Raudt

Garderobar ved bassenget:

- Mugglukt, tett luft, mykje slitasje, fliser som ramlar ned, gamle dusjar, råteskader på dør, rust-render.
- Toaletta er ok.
- Garderoben til gutane ser ut til og vera i noko betre stand enn jentegarderoben.
- Lærargarderobe. Slitt, tett og vond lukt.
- Ventilasjon?

Grunna tidsnaud fekk underteikna ikkje gjort fuktmålingar i garderobe-romma ved bassenget.

Jentegarderoben:



Lærargarderoben:



Dusjanlegg i jentegarderoben:



Dør inn til badstove:



Gymsal (vert nytta til klasserom):

- Tung luft, ubehageleg lukt, slitasje, avskalling av maling.
- Einaste «ventilasjon» er ei open luke i taket. Denne gjev og ein del varmetap når det er kaldt.

Fuktmåling:

Vegg mot garderobe viser raudt. Elles grønt.

Trappeoppgang mellom gymsal og inngong:



Lager/matbod på skulekjøken:

- Tidlegare vatnlekkasje i eit hjørne. Merker etter vatn, bobler i golvbelegg. Er per i dag tetta med silikon.
- Dørkarmen viser tydelege teikn på fuktskadar. Her kan ein kjenna med fingrane at det er fuktig.

Fuktmåling:

Dørkarm: 90-99 %

Hjørne: Grønt

Bygget som bind saman ungdomsdelen og barneskuledelen ser ut til å ta inn vatn. Det er mogleg at takkonstruksjonane leier vatnet inn.

23.11.12: Dette skal no vera forsøkt utbetra. Det har likevel kome vatn inn etter utbetringa.

Uteområdet på oppsida av bygget:

- Hallar ned mot bygget. Sig det vatn inn til og inn i bygget? Korleis er det med drenering her?

I Arbeidsmiljøloven §4-4 står det:

Krav til det fysiske arbeidsmiljøet

(1) Fysiske arbeidsmiljøfaktorer som bygnings- og utstyrmessige forhold, inneklima, lysforhold, støy, stråling o.l. skal være fullt forsvarlig ut fra hensynet til arbeidstakernes helse, miljø, sikkerhet og velferd.

På Tysnes skule kan dei tilsette som arbeider under desse tilhøva vera utsette for:

- slimhinneirritasjon i auge, nase, hals
- astma og høgsnue
- hyppige luftvegsinfeksjonar
- tørrhet, kløe, eksem i huda, særlig i ansikt og på hender
- unormal trøtthet, hovudpine, kjenna seg uopplagd

Det er i tillegg eit faktum at kummerlege fysiske tilhøve gjev nedsett trivnad og såleis kan føra til nedsett motivasjon. Saman med farane for somatiske plager som fylgje av tilhøva gjev dette ein auka risiko for sjukemeldingar.

Når ein skal vurdera dei fysiske arbeidstilhøva, kan ein ikkje sjå på dei aktuelle faktorane kvar for seg, men om summen av dei gjer at forholda er belastande. Underteikna sitt inntrykk etter besøket er at bygget er i dårleg stand. Dersom det stemmer at det er mykje fukt i veggjar og golv, må det sjekkast for mugg/sopp snarast. Tilhøva for dei tilsette som arbeider i denne delen av skulen er ikkje gode nok. Saka bør greiast ut av byggfagleg personell og rettast opp i så snart som råd!

27. november 2012

Betsy H. Nikolaisen

